

Innspel til Strømnettutvalget 2022

Kort om Den Norske Turistforening og våre mål for norsk energipolitikk

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Attraktive turområde og landskap er grunnlaget for dei gode naturopplevingane for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd.

Ynskje om meir fornybar energi har ført til storstila utbygging av vindkraft, vasskraft og overføringsliner, men energipolitikken er i dag ikkje heilskapleg samordna med miljøpolitikken. Jamfør vår handlingsplan for natur, kulturarv og miljø så er Den Norske Turistforening sitt hovudmål for naturvenleg energiproduksjon å hindre energiutbygging i intakt og sårbar natur, og redusere negativ verknad på viktige natur- og friluftslivsverdiar frå produksjon og overføring av energi.

Når Strømnettutvalget no skal sjå på raskare konsesjonshandsaming av nettanlegg, fornuftig utvikling av straumnettet, og moglege endringar i tilknytingsplikta så er Turistforeninga glade for å bli invitert inn i referansegruppa og om mogleg kunne bidra til ein meir heilskapleg vurdering av dagens system og nye tiltak. DNT meiner at brei medverknad som dette, på alle nivå i forvaltninga, er avgjerande for god tillit til regelverket, i tillegg til at det bidreg til læring og forståing på tvers av aktørar og interesser.

Den Norske Turistforening har dei siste åra engasjert seg i fleire utbyggingsdebattar då vi meiner at dagens praksis og regelverk ofte tek for lite omsyn til viktige natur- og friluftslivsområde. Eit hovudpoeng for oss i nær alle konsesjonssaker er at naturen må tilleggas meir vekt.

Verdien av intakte natur- og friluftslivsområde må synleggjerast og vektast høgare enn i dag i vurderingar av fordeler og ulemper ved utbygging for storsamfunnet. Dagens praksis er at naturverdiene i ulik grad blir godt nok synleggjort, handtert og tatt omsyn til på ulike nivå i avgjersleprosessane. Med det resultat at næringsinteresser og økonomiske omsyn ofte blir ivaretatt i mykje større grad enn naturverdiar. Tap og øydelegging av natur må derfor setjast tal på i form av arealrekneskap i alle utbyggingssaker, og eventuelt gjennom prissetting i samfunnsøkonomiske analyser.

Med tanke på den svært alvorlege naturkrisa vi står i så meiner Den Norske Turistforening at der urørt natur og viktige landskap- og friluftslivsområde blir råka så bør det vere mogleg å avvise utbygging på eit tidleg stadium. Vidare så meiner DNT at som utgangspunkt så bør dei mest skånsame løysingane veljast ved konsesjonsgjevne utbyggingar, sjølv ved auka kostnad. Til dømes ved nettutbygging så bør kablar veljast framfor luftlinjer der det er hensiktsmessig.

Eit anna poeng er at ein ikkje må byggje ut meir ein naudsynt. Det må arbeidast for eit lågare forbruk enn skissert. Samfunnet bør ikkje la estimat for eit svært høgt energiforbruk ligge til grunn for kraftutbygging i framtida utan ein vurdering av kva som er berekraftig på lang sikt. Vi må ikkje sløse med den fornybare energien vår, men nytte den effektivt og fordele den fornuftig slik at vi og kan ivareta urørte landskap og eit rikt naturmangfald.

Derfor meiner Den Norske Turistforening at regjeringa må satse meir på energisparing og -effektivisering i bygg, spesielt i industrien. Til dømes bør mogelegheitene som ligg i spillvarme frå norsk industri nyttast betre – det utgjer i dag omkring 20 TWh eller 10 % av Noregs energiforbruk.

DNT meiner og at det må gjerast ei heilskapleg vurdering av tilknytingsplikta, og at objektive krav bør settast på prioriteringane.

Innspel til Strømnettutvalget

Betre konsekvensutgreiingar og meir ansvar til miljøforvaltninga.

For å avdekke kva område som er av stor verdi, så bør krav til innhald og kvalitet i utredningsprogram og konsekvensutgreiingar (KU) vere basert på oppdatert kunnskap og nye kartleggingar. Det bør i eldre og tidkrevjande saker gjerast ei grundig vurdering av om KU og kartleggingar er forelda. Dette bør heimlast i forskrift eller rettleiar. For å styrke tilliten til, og kvaliteten på, konsekvensutgreiingar så bør ein utgreie korleis miljømyndigheitene kan få vesentleg meir ansvar i samband med utredning og kvalitetssikring av det miljøfaglege arbeidet i alle konsesjons saker. Ein bør spesifikt vurdere å la ansvar for utgreiingsprogram og bestilling av KU (for tiltakshavars rekning) ligge til Statsforvaltaren. I tillegg må alle høyringsdokument, inklusive KU gå tidleg og bredt ut på offentleg høyring.

Styrka medverknad og eit betre rettsvern for naturen.

Demokratiske prosessar og moglegheit for medverknad må ikkje svekkast, heller styrkast. Det kan ein oppnå ved tidleg høyring, folkemøte og reell påverknadsmoglegheit for sivilsamfunnet. Her under må særleg natur- og miljøverdiane i eit kvart prosjekt kome godt fram, inklusive negative konsekvensar og sumverknad/samla belastning. Eit godt verktøy for dette er forbetra KU-prosessar, klåre sakshandsamingsrutiner og føreseielege planprosessar – her bør ein sjå til plan- og bygningslova.

Strømnettutvalget bør vurdere å anbefale oppdatering/ending av energilova og energilovforskrifta slik at lovteksten i større detalj set:

- krav til innhaldet i søknad om konsesjon – med vekt på at verdifull natur og konsekvensar for natur- og miljø vert godt utgreidd og synleggjort, og at landskapsinngrep vert tydeleg framstilt i kartunderlag og visualiseringar
- krav til naturomsyn og avbøtande tiltak – med vekt på skånsam utbygging som omtalt under
- krav til fasar og tidsfristar for sakshandsaminga/konsesjonsprosessen som særleg styrker moglegheita for tidleg medverknad

Opne prosessar med gode moglegheiter for medverknad frå sivilsamfunnet og organisasjonar må og gjelda kring nytt regelverk for energi- og nettutbygging. DNT meiner at alle nye dokument som vert utarbeidd, til dømes rettleiarar og prosesskrav i tillegg til lovendingar bør sendast på brei høyring. Dette vil styrke forankringa av nye regelverk og praksisar, og auke tilliten til prosessen.

Naturomsyn.

Utbygging må i størst mogleg grad vere berekraftig og skånsam mot natur, miljø og viktige landskaps- og friluftslivsområde. Gode utgreiingar og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag må ligge til grunn for utbyggingane.

Naturen må tilleggas meir vekt i avveging av omsyn. Ein må vere villig til å velje skånsame alternativ der det er hensiktsmessig, til dømes jord- og sjøkablar, sjølv om dei er dyrare. Strømnettutvalget bør derfor slå fast at der viktige natur og friluftslivsverdier blir råka, eller der viktige eller heilskaplege landskapsområde vert råka så skal dei mest dei mest omsynsfulle traseane veljast og/eller den mest skånsame utbyggingsmetoden veljast, med mindre det føreligg særskilde grunnar for ikkje å ta slike

omsyn. Dette bør forankrast juridisk, til dømes gjennom ei innstramming av energilovforskrifta § 3-5 b).

DNT meiner at desse tiltaka samla, og denne tilnærminga med betre utgreiing og synleggjering av tiltak som påverkar natur og miljø, samt styrka omsyn til natur og miljø under utbygginga vil gje stor gevinst. I form av færre konflikhtar, mindre tid til klagehandsaming, meir tillit til konsesjonssystemet og utbyggjarane, og ikkje minst eit meir intakt natur- og kulturlandskap som kan bidra til verdiauke innan folkehelse, reiseliv, landbruk, med meir.

Berekraftsvilkår for nettilknytning

Mangel på nettkapasitet er per i dag eit hinder for framføring av energi til industrien mange stader. I tillegg vil det som omtalt i møte med representantane i referansegruppa og Strømnettutvalget i overskodedeleg framtid vere større etterspurnad etter energi enn det vert produsert i dag. Dette legger press på auka produksjon av fornybar energi og press på hurtig utbygging av nye overføringslinjer. Både nye kraftlinjer og utbygging av ny fornybar energi vil vere utfordrande å gjennomføre utan å kome i konflikt med viktige friluftslivsområde eller sårbar natur.

Den Norske Turistforeining vil derfor ta til orde for å legge om regelverket kring tilknytingsplikta slik at ein kan prioritere energileveransar til dei mest berekraftige verksemdene når det er kø og stor etterspurnad etter krafta. Ei tilnærming kan vere å utarbeide berekraftsvilkår for tilknytning som tek omsyn til mellom anna arealbruk, naturmangfald, sysselsetting og lokal forankring. Kven som skal ha ansvar for å handheve prioriteringa må utgreiast, men ein moglegheit kan vere ei ny regional nemnd beståande av energimyndighetene, planmyndighetene og miljøforvaltninga. Alternativt kan vilkåra knytast til EU sin taksonomi for økonomisk aktivitet og inneha krav om bærekraftrapportering.

Noreg er leiande i høve FN sitt berekraftsmål 7 om rein energi – vi bør og vere leiande på å ta berekraftig omsyn ved alle sider av produksjon, framføring, og forbruk av energien. Vi vil derfor peike på særleg mål 12.2 om berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar som eit særleg relevant prinsipp å sjå til ved utarbeiding av eit nytt tilknytingsregelverk.

Eit anna tiltak for forbetring av tilknytingsregelverket kan vere å setje krav om at nye prosjekt må ha kommunal tilslutnad gjennom at det er starta planprosess (som har vore til politisk handsaming/førehandsuttale), eller at det føreligg godkjent detaljregulering. Dette vil bidra til at prosjekt med liten realiseringsmoglegheit ikkje tek plass i tilknytingskøen.

Planlegging og samordning av kabeltraséar

I tilfelle der nettutbygginga skal leie til overføring av straum offshore – til olje- og gassinstallasjonar, eller ilandføring av havvind, så må konsekvensane for viktige natur- og friluftslivsområde minimerast og utgreiast, her under inngrep i 100-metersbeltet langs sjø knytt til ilandføring/sjølegging av straum. Den Norske Turistforeining etterspør ein heilskapleg plan for, og samordning av kabeltrasear, slik at inngrepa vert minimert.

Med helsing

Dag Terje Solvang Klarp
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Skråmestø Juliussen
Rådgjevar, Naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Elektronisk godkjent signatur

Elektronisk godkjent signatur